

DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO FELLESRÅD

Møtetidspunkt/stad:

Sveio soknehus

Torsdag 05.04.2018 kl. 18.00 – 20.00

Følgjande medlemmer/vara er kalla inn

Ragnhild Lysen, Bent Rune Sinnes Tor Helge Hardeland, Astrid Farestveit Gane, Arild Steinsland og Kjell Gunnar Nymark

1.Vara: Hildur Larsen, Eirik Eriksen

Forfall meldes til kyrkjekontoret så snart som råd slik at vara medlemmer kan bli kalla inn.

Første varamedlem frå sokneråda møter fast. Andre varamedlem og vara for soknepresten får innkalling , men treng ikkje møta utan særskild melding.

2. vara frå sokneråda; Haldis Johanne Økland Lier, Monica Nyland Jacobsen
Vara for soknepresten; Svein Arne Theodorsen

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

SAKER SOM SKAL HANDSAMA ST:

Sak 09/2018 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv

Sak 10/2018 Tenesteytingsavtale


Sak 11/2018 Innspel til investeringsbudsjettet til kommunen

Sveio, 27.03.2018

sign

Tor Helge Hardeland

Leiar



Ottar Krakk

Kyrkjevevje

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	05.04.2018	Fel . 09/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 09/2018 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv:

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	05.04.2018	Fel . 10/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 10/2018 Tenesteytingsavtale Sveio kommune

Nåverande tenesteytingsavtale er frå 2010 og har vore ein nyttig avtale for å regulera samarbeidet mellom kommune og fellesråd. Det har likevel vist seg at det er behov for ei revidering av avtalen på nokre punkter. I 2016 kom og Sveio Soknehus til, ei nyvinning som og har hatt betyding for nokre av punkta i tenesteytingsavtalen.

Fellesrådet har tidlegare hatt saka oppe til drøfting, jf. bl.a. sak 19/2016, og har då bedt om at kyrkjeverje tok kontakt med kommunen for utarbeiding av ny avtale.

Det ligg nå føre nytt utkast til avtale. Avtaleutkastet er utarbeida i samarbeid mellom kommunen v/økonomisjef og kyrkjeverje. Andre tilsette i kommune og fellesrådet har kome med innspel til avtalen.

Avtalen byggjer i hovudtrekk på eksisterande avtale.

Oppbygging av avtalen

Avtalen inneheld følgjande hovudpunkter:

1. Lovgrunnlag og målsetting med avtalen.

Avtalen tar utgangspunktet i nåverande lovgiving. Den må ev tilpassas nytt lovverk når det vert gjeldande.

2. Rammer og samarbeidsrutinar

Understrekar behovet for dialog og samarbeid mellom avtalepartnarane, jf. budsjett mv.

Regulerer samarbeid på overordna nivå, orientering i formannskap samt samarbeidsmøte mellom FR og Rådmann/ordførar. Her er avtalen i større grad nå i samsvar med praksis. Det var tidlegare lagt opp til hyppigare møter.

Den regulerer vidare nivå på avtale; politisk, administrativt og økonomisk.

3. Økonomi – personale – kontorstøtte

Her er det nå presisert at det føres separate rekneskap for sokna. Andre tenester frå kommune i forhold til rekneskap, løn, personale, arkiv osv. blir i stor grad vidareført.

Det er gjort nokre presiseringar i forhold til IKT. Ny avtale formaliserer bl.a. at kommunen leverer trådløst nett til heile soknehuset.

Ny avtale slår fast at Fellesrådet sjølv betalar utgifter som t.d. papir, tønner mv. medan kommunen stiller kopimaskin til disposisjon for fellesrådet. Dette er ikkje unaturleg då me nå har ein eigen maskin som kun Fellesrådet nyttar i motsetnad til tidlegare.

Praksis med annonsering på kommunesida i Vestavind, utan kostnad, vert formalisert.

Det vert og tatt inn at kommunen kan nytta soknehuset som evakuerings og pårørandesenter. Dette er og avtalt tidlegare. Det er og tatt inn at kommunen kan nytta det eine møterommet i soknehuset når dette er ledig.

4. Bygg-eigedom-anlegg

Her vert det presisert ansvarsfordeling mellom kommune og fellesråd, bl.a. i forhold til kommunal seksjon på soknehuset.

Det vert vidare presisert samarbeid rundt gravemaskin, samt graving (opning) og lukking av graver.

Det er og presisert tilgang til vaskehall og lokale for lagring av fellesrådet sitt utstyr mv. I all hovudsak er dette ein vidareføring av dagens praksis.

Det er og gjort nødvendige presiseringar i forhold til gjennomføring av større prosjekt innanfor investering.

5. Rammer rundt avtalen

Dette punktet regulerer ikrafttredelse og at den set fast eit tidspunkt for revidering fem år fram i tid. Punktet regulerer og ev oppseing mv.

6. Kostnadsberekning

Her er det gjort ei kostnadsberekning ut frå kva tenestyttinga kostar kommunen. Beløpa vil bli synleggjort i rekneskapen. Beløpa er justert slik at dei er nærare eit rett anslag.

Vurdering

Kyrkjevevja vurderer at framlegg til ny avtale er eit godt utgangspunkt for eit godt samarbeid mellom kommune og fellesråd dei komande åra. Avtalen inneheld nødvendig rammeverk samtidig som den ikkje er så detaljert at den hindrar nødvendige justeringar.

Fellesrådet er med nåverande finansiering og oppgåvefordeling heilt avhengig av eit godt samarbeid med kommunen. Fellesrådet og kommunen sitt ansvarsområde gjeld same geografiske område sjølv om det gjeld ulike fagfelt. Om lag 2/3 deler av finansieringa av Fellesrådet skjer via kommunen. Vidare utfører kommunen tenester for fellesrådet på ein rekkje forskjellige områder. Det er derfor viktig at me har gode rammer rundt dette.

Kyrkjevevja vurderer at ny avtale tek vare på Fellesrådet sine interesser på ein god måte. Ein kvar avtale inneheld moment som er forhandla om og der ein gjerne må gi noko for å få igjen på andre punkt. For Fellesrådet si side er det i denne avtalen to punkter som kan medføra litt auka kostnader; det eine er innanfor kopiering der me må berekna ein kostnad på om lag 3000,-/år samt at det kan koma nokre kostnader i forhold til reparaasjon av minigravar. Desse kostnadane er det etter kyrkjevevja si vurdering rimeleg at fellesrådet tek på seg.

Det er samtidig presisert at kommunen tek på seg kostnad med trålaust nett og i forsamlingshusdelen av soknehuset. Det er derfor og rimeleg å gje kommunen høve til å nytta seg av soknehuset som eit evakueringslokale i ei potensiell krise samt at kommunen ved enkelte høve kan nytta eine møterommet dersom det er ledig.

Det har vore viktig frå kyrkjevevja si side å få presisert at kommunen må stilla med nødvendige lagerlokale til graveutstyr mv då fellesrådet ikkje sjølv disponerer tilstrekkeleg med lokale til å få lagra alt slikt utstyr.

Kyrkjevevja vil derfor samla sett tilrå at Fellesrådet godkjenner avtalen slik den ligg føre.

Dokument i saka:

- Avtale frå 2010
- Avtale om tenesteyting (ny avtale)

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Fellesrådet godkjenner ny «Avtale om tenesteyting»
2. Fellesrådet gir Kyrkjevevje fullmakt til å signera avtalen på vegne av Fellesrådet

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato		Sbh.
Fellesrådet	05.04.2018	Fel . 11/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 11/2018 Innspel Investeringsbudsjett 2019 – Økonomiplan 2019-2022 Sveio kommune

Sveio kommune ber om innspel til investeringsbudsjettet til kommunen for 2019 samt til økonomiplanen for perioden 2019-2022. Fellesrådet har høve til å koma med innspel innan 27. april.

I inneverande år, 2018 ligg det inne budsjettmidlar til reperasjon av taket på tårnet på Førde Kyrkje samt til rehabilitering av vegger/overflatebehandling av kyrkja. Her ligg det inne 1,6 million i 2018.

Det er vidare bevilga midlar til rehabilitering av kyrkjebygg og enøk/brannsikringstiltak for inneverande år samt dei påfølgande åra. For åra 2019 – 2021 ligg det inne 400.000,- årleg til rehabilitering av kyrkjebygg samt kr 500.000,- i 2018 Til Enøk og brannsikring mv er det bevilga kr 100.000,- i 2018 samt kr 500.000,- årleg i dei to åra 2019-2020.

Det ligg føre planar for ulike tiltak som etter overslaga til saman utgjer eit beløp som overstig løyvingane ovanfor, jf sak 7/2018. Tala er samtidig ikkje kvalitetssikra og med tillegg av prisstigning kan ein forventa at kostnadane kan bli høgare.

Det vert nå i 2018 arbeida med nokre mindre prosjektsamt førebuing av andre prosjekt, jf bevilga midlar til rehabilitering og enøk mv. Dette skjer i samarbeid mellom kyrkjeverje og kommunen sin leiar innafor Drift og Anlegg.

Sveio kyrkja vart sist mala rundt 2008. Det er seinare gjort eit mindre malararbeid i 2016 då vestsida av tårnet vart mala. Det vil vera behov for maling av kyrkja i løpet av perioden. Eg vil derfor tilrå at det vert sett av midlar til dette føremålet konkret i 2020. Arbeidet er omfattande og kostnadskrevjande og vert derfor skilt ut frå punkt vedkomande generell rehabilitering.

Det vert på tida arbeida med ein plan for gravplassar i Sveio for perioden 2020 - 2060. Sjølv om planarbeidet ikkje er fullført enda er det særleg eit forhold som peikar seg ut. Det me ser er at det ved Eikeland Kapell er liten kapasitet framover. Det er ein viss usikkerhet rundt kor liten kapasiteten er då det er ein del graver som ikkje kan nyttast pga. stor variasjon i djupneforholda. Nokre veit vi at berre kan nyttast til urner, men det kan bli problem og i dei gravene som me forventar har tilstrekkeleg djupna. Kyrkjeverja vil tilrå at ein legg inn midlar i 2021 til eit forprosjekt for å planleggja utbygging av gravplassen på Eikeland. Ut frå foreløpige tal vil det vera behov for at gravplassen er utvida ein stad mellom 2022- 2025.

Tiltaka er prioritert seg imellom. Denne prioriteringa er gjort slik at tiltak som allereie ligg inne i planane er høgast prioritert medan dei nyare tiltaka som ligg eit par år fram i tid er prioritert deretter.

Dokument i saka:

- Innspel investeringar 2019 – 2021

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at Sveio kommune i budsjett for 2019 samt økonomiplan for perioden 2019- 2022 set av midlar til investering i tråd med vedlegg.

12. oktober 2010

Avtale om tenesteyting mellom Sveio kommune og Sveio Fellesråd

1. INNLEIING / FORMÅL	1
2. RAMMER OG SAMARBEIDSRUTINER FOR KOMMUNE OG KYRKJE	1
3. ØKONOMI / PERSONAL / KONTORSTØTTE	2
Tillegg sjå vedlegg 1: Spesifisert oversyn over oppgåver, tidsfristar og rutinar for punkt 3.2-3.5.	2
4. BYGG / EIGEDOM / ANLEGG	4
5. RAMMER RUNDT AVTALEN	4

1. INNLEIING / FORMÅL

Avtalen byggjer på Lov om Den norske kyrkja (Kyrkjelova) og Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 7. juni 1996. Avtalen er gjort med heimel i Kyrkjelova § 15, 4. ledd. Der anna ikkje er sagt, gjeld plikter og rettar nedfelt i Avtalelova.

Avtalen legg til grunn at fellesrådet i Sveio har arbeidsgjevaransvaret for alle som vert løna over fellesrådet sitt budsjett, og har ansvaret for forvaltning av dei økonomiske midlar som rådet disponerer.

Avtalen legg vidare til grunn at soknet v/fellesrådet står som eigar av kyrkjebygg med tilhøyrande inventar, samt kyrkjegardar.

Målsettinga med avtalen er å

- Gi kyrkja hjelp til å yte tenester med høg kvalitet med ei god utnytting av dei totale ressursane, til beste for Sveio kommune sine innbyggjarar.
- Sikre eit nært og godt samarbeid mellom kyrkje og kommune.

2. RAMMER OG SAMARBEIDSRUTINER FOR KOMMUNE OG KYRKJE

2.1 Generelt

Kommunen og fellesrådet må i fellesskap legge opp rutinar som ivaretek kommunen sine behov for planlegging og budsjettering, samstundes som fellesrådet får naudsynt tid til handsaming i sine organ. Tidleg i budsjettprosessen orienterer rådmann kyrkjevevje om prosess og føringar i arbeidet. Budsjetttrundskriv og liknande informasjon vert sendt kyrkjevevja til orientering. Kommunen orienterer og kyrkjevevja om andre saksutgreiingar som grip inn i kyrkja sitt ansvarsområde.

Tilsette i kommunen som utfører oppgåver etter denne avtalen, må kjenne til punkt i avtalen som er relevante for utføring av arbeidet, og skal elles vere lojale mot mål og retningslinjer som fellesrådet fastset.

Partane har gjensidig plikt til informasjon om endringar i tenesterutinar og omfang.

2.2 Samarbeidsmøte og treffpunkt

For å ivareta informasjon og samarbeid, har kommunen og fellesrådet desse faste treffpunkta:

- Årleg orientering om kyrkjeleg arbeid til formannskapet. Saksgang: Kyrkjevevja sender fellesrådet sin årsrapport til kommunen, rådmannen set den på sakskartet som orienteringssak til

12. oktober 2010

kommunestyret. På det aktuelle formannskapet møter kyrkjeverje og fellesrådsleiar for å gje kort informasjon. Tidspunkt: I løpet av vårhalvåret.

- Samarbeidsmøter mellom kommunal og kyrkjeleg administrasjon og politikarar. Hovudtema: Økonomi, budsjett, tenesteytingsavtale, større prosjekt. Kyrkjeverja set opp sakliste og kallar inn i samarbeid med rådmannen. Møte ein gong i halvåret (mai/juni og november/desember). Deltakarar: Ordførar, rådmann, kommunal representant i fellesrådet, fellesrådsleiar, soknerådsleiarane og kyrkjeverje.
- Rådmannen har jamlege møte med tenesteleiarane (leiarforum) i kommunen. Rådmannen inviterer kyrkjeverja når det skal takast opp saker som er aktuelle for kyrkja å halde seg orientert om eller å orientere om.

2.3 Oppbygging av tenesteytingsavtalen

Avtalen er delt inn i fagområde i samsvar med den nåverande organiseringa i kommunen og er vidare bygd opp på tre nivå:

- A) **Politisk nivå** – Omtale av hovudpunkt. Endringar i avtalen skal takast opp til politisk handsaming og gjerast vedtak om i kommunestyre og fellesråd, eller i organ som kommunestyre og fellesråd delegerer avgjerdsmynde til. Gjeld dette dokumentet.
- B) **Administrativt nivå** – Detaljnivå der oppgåveutføring, kvalitetskrav, rutinar, tidsfristar og liknande blir omtalt. Her meines tilleggsavtalen om økonomi. Administrativ handsaming mellom kyrkjeverje og rådmannen. Tillegg til dette dokumentet.
- C) **Økonomisk nivå** – Kostnader for kommunen ved å utføre tenestene for fellesrådet. Omtale prinsipp og opplegg for pris-setting. Tillegg til dette dokumentet.
 - a. Budsjett – stipulert kostnad.
 - b. Rekneskap – faktisk kostnad.

Kommunen har ansvaret for registrering, pris-setting og rekneskapsføring av dette.

2.4 Grenseoppgang mellom tenesteyting og tilskot, ansvarstilhøve

1. Skader som kommunalt tilsette er ansvarlege for, har kommunen erstatningsansvar for.
2. Dersom kommunen ikkje har kapasitet eller kompetanse til å utføre ei oppgåve dei normalt kan utføre, kan det vere aktuelt å kjøpe tenesta. Kommunen og fellesrådet vurderer i samarbeid dekning av utgiftene før tenesta vert tinga.
3. Fellesrådet har ansvar for å kjøpe inn materiell og utstyr for eige bruk.

3. ØKONOMI / PERSONAL / KONTORSTØTTE

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Rådmann v/rådmannsstab.

3.1 Generelt

Tilskotet frå kommunen til fellesrådet vert overført forskottsvis tre gonger i året: 01.01, 01.05 og 01.09. Tilskot til særskilte investeringstiltak blir avtalt i kvart einskild tilfelle når vedtak ligg føre. Utgifter knytt til denne avtalen, samt særskilte tilskot til fellesrådet ligg innafor kommunen sine økonomiske plikter etter kyrkelova § 15.

Tillegg sjå vedlegg 1: Spesifisert oversyn over oppgåver, tidsfristar og rutinar for punkt 3.2-3.5.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Rekneskapsansvarleg.

3.2 Rekneskap

Kommunen fører rekneskap i samsvar med forskrift om økonomiforvaltning og andre føresegner.

3.3 Fakturering

Fellesrådet utfakturerar og kommunen fakturerer og innfordrar betaling for tenester, eksklusiv festeavgifter.

12. oktober 2010

3.4 Betaling av rekningar

Kommunen betaler rekningar etter tilvising som fastsett i fellesrådet sitt økonomireglement.

3.5 Løn

Kommunen utfører lønskøyning og utbetaler løn etter tilvising. Dette skjer i samsvar med gjeldande tariffavtaler. Sørgjer for at løn blir handsama og registrert i samsvar med føresegner om skatt og avgift.

3.6 Personal

Personalavdelinga i kommunen kan gi råd og rettleiing.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Personalrådgjevar.

3.7 Opplæring / Kompetanse

Kyrkjeleg tilsette kan delta på kommunen sine kurs på lik linje med kommunalt tilsette når dette er relevant, til dømes innan IT, brukeropplæring datasystem, sakshandsaming og liknande. Det betalast sjølvkost pr deltakar.

3.8 Sentralbord, post, teletenester, kopiering mv.

Fellesrådet kan gjere seg nytte av kommunen si informasjonsteneste, tele og datatenester i kommunalt eigde bygg, med unntak av mobile tenester. Fellesrådet kan og gjere seg nytte av frankering, interne posttenester og kopiering til eige formål. Dette gjeld ikkje ved større jobbar og produksjon av reklamemateriell frå Kyrkja. OSK kan selje billetter til konsertar m.m.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Leiar offentleg servicekontor

3.9 Arkiv

Fellesrådet har ansvar for journalføring og daglegarkiv, men kan nytte kommunen sitt fjernarkiv og ordning med innbinding av protokollar og anna. Kompetansen i arkivavdelinga i kommunen kan nyttast av fellesrådet ved behov.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Arkivleiar.

3.10 IT/kommunikasjon

Fellesrådet kan nytte seg av den gjeldande IT-struktur og kompetansen som kommunen har, herunder tilgang til kommunen sitt intra-nett og bruk av kommunen sitt breiband. Kommunen har ansvar for drifting og vedlikehald av linjer og maskinar, herunder back-up. Kommunen yter IT-teknisk bistand ved eventuell oppbygging og vedlikehald av eigen heimeside for fellesrådet, som del av kommunen sine heimesider. Fellesrådet er ansvarleg for innhaldet. Fellesrådet kjøper inn maskinar og programvare som er særskilt for fellesrådet si drift og som kommunen ikkje bruker. Fellesrådet har det økonomiske ansvar for eigne program og modular. Dette gjeld også tilhøyrande lisensar som gjeld fellessystem. Innkjøp av programvare og maskinar som skal driftast av kommunen skal gå gjennom IKT-avdelinga. Fellesrådet skal følge Sveio kommune sitt IKT-reglement med tilhøyrande retningslinjer.

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: IKT sjef.

3.11 Innkjøpstjenester

Fellesrådet kan nytte seg av innkjøpsavtaler som kommunen inngår med eksterne leverandørar, så sant dette kjem fram i avtalen mellom kommune og leverandør. Det gjeld mellom anna forsikring, straum, banktenester, dataløysingar, kontorrekvisita og liknande. Informasjon om aktuelle avtaler, og om fellesrådet blir omfatta av dei, skjer i treffpunkta mellom kommune og fellesråd. Når fellesrådet på eiga hand skal gjere avtaler om innkjøp, kan fellesrådet nytte kommunen sin kompetanse på offentlege innkjøpsreglar til råd og rettleiing.

12. oktober 2010

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Økonomisjef.

4. BYGG / EIGEDOM / ANLEGG

Kommunalt ansvarleg og kontaktperson: Einingsleiar ved drift- og anleggsavdelinga.

4.1 Generelt

Fellesrådet har ansvar for å halda seg informert om, og formidla, særskilte problemstillingar knytt til kyrkjelege bygg og kyrkjegardsarbeidet.

4.2 Leige av lokale i kommunen sine bygningar

Kommunen syter for arbeidsplassar til kyrkjevevje, dei tilsette ved kyrkjekontoret og prestar i hht. Kyrkjelova §15, inkludert straum/oppvarming og reinhald. I dette inngår bruk av kommunen sine fellesrom/møterom etter avtale. Kommunen betalar forsikring for inventar på kyrkjekontoret. Dette blir verdsett og rekneskapsført som tenesteyting.

4.3 Drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjelege bygningar

Fellesrådet har administrativt ansvar for kyrkjer og kyrkjelege bygningar. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av bygningane.

4.4 Drift og vedlikehald av uteareal og kyrkjegardar

Fellesrådet har administrativt ansvar for kyrkjegardar og gravferdsregistre. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjelege uteareal, kyrkjegardar, opning og attfylling av graver, og for transport av naudsynt utstyr til desse oppgåvene. Fellesrådet har ansvar for vedlikehald rundt minnestøttene i Auklandshamn, Framnes og Sveio. Som motyting hjelper kommunen med opning og attfylling av graver ved avvikling av ferie og ved sjukdom. For ei gravferd vert det rekna ein arbeidsdag. Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av veg fram til port/gjerde/mur og for parkeringsplassar.

4.5 Investering i bygg, anlegg eller maskinar/utstyr

Fellesrådet er initiativtakar og byggherre. Slike saker tar fellesrådet opp gjennom Sveio kommune sin økonomiplan og budsjett.

4.6 Andre tenester

Fellesrådet kan gjera seg nytta av administrative tekniske tenester i den grad Sveio kommune har kapasitet.

5. RAMMER RUNDT AVTALEN

5.1 Oppseiing/ending


- ❖ Avtalen kan seiast opp av baa partar innan 1.juli kvart år, med verknad frå og med følgjande budsjettår.
- ❖ Begge partar kan be om å få endra einskildpunkt i avtalen utan at heile avtalen vert sagt opp. Slike endringar må opp til politisk handsaming.
- ❖ Avtalen kan til ei kvar tid justerast i samsvar med eventuelle endringar i lover, forskrifter og reglar, og som følge av omorganiseringar. Slike justeringar kan gjerast i samarbeidsmøta mellom kommune og kyrkje og treng ikkje opp til politisk handsaming.


12. oktober 2010

5.2 Verknadstidspunkt

Avtalen trer i kraft med verknad frå 01.11.10.

Dato: 31. 5. 2011


Mikal Møller Hovda
Rådmann


Eva Birkeland
Kyrkjeverje



AVTALE OM TENESTEYTING MELLOM

SVEIO KOMMUNE OG SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. Innleiing

Avtalen byggjer på Lov om Den Norske Kyrkja(Kyrkjelova) og Lov om kyrkjegardar, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) Avtalen er gjort med heimel i Kyrkjelova § 15 , 4. ledd.

Avtalen legg vidare til grunn at sokna v/Fellesrådet står som eigar av kyrkjebygg med tilhøyrande inventar, samt kyrkjegardar.

Målsetjinga med avtalen er:

- Gi kyrkja hjelp til å yta tenester med høg kvalitet med ei god utnytting av dei totale ressursane, til beste for Sveio kommune sine innbyggjarar.
- Sikre eit nært og godt samarbeid mellom kyrkje og kommune.

2. Rammer og samarbeidsrutinar

Kommune og Fellesråd må i fellesskap legge opp rutinar som tek i vare kommunen sine behov for planlegging og budsjettering samstundes som fellesrådet får naudsynt tid til handsaming i sine organ. Tidleg i budsjettprosessen orienterer rådmann kyrkjevevje om prosess og føringar i arbeidet. Budsjetttrundskriv og liknande informasjon vert sendt kyrkjevevja til orientering. Kommunen orienterer og kyrkjevevja om andre saksutgreiingar som grip inn i kyrkja sitt ansvarsområde.

Tilsette i kommunen som utfører oppgåver etter denne avtalen må kjenne til punkt som er relevante for deira arbeid.

Partane har gjensidig plikt til å gje informasjon om endringar i tenesterutinar og omfang.

2.1 Samarbeidsmøte og treffpunkt

For å sikre informasjon og samarbeid har kommunen og Fellesråd desse faste treffpunktta:

- Årleg orientering om kyrkjeleg arbeid i Formannskapet.
Kyrkjevevja sender årsmelding til kommunen, rådmannen set den på sakskartet som orienteringssak til kommunestyret. På det aktuelle formannskapsmøte møter Kyrkjevevje og Fellesrådsleiar for å gje kort informasjon. Tidspunkt; I løpet av vårhalvåret.



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

- Samarbeidsmøte mellom kommunal og kyrkjeleg administrasjon og politikarar. Hovudtema: Økonomi, budsjett, tenesteytingsavtale og større prosjekt. Møte ein gong i året. Møte tidspunkt: Mai/juni. Deltakarar; Ordførar, rådmann, kommunal representant i Fellesråd, Fellesrådsleiar, soknerådsleiarane og kyrkjevevje. Kyrkjevevje set opp sakliste og kallar inn i samarbeid med rådmann.
- Rådmannen har jamlege møte med tenesteleiarane i kommunen (leiarforum). Rådmannen inviterer kyrkjevevja når det skal takast opp saker som er aktuelle for kyrkja å halda seg orientert om.

2.2. Oppbygging av tenesteytingsavtalen

Avtalen er delt inn i tre nivå:

- Politisk nivå; Omtale av hovudpunkt. Ev endringar her i dette dokumentet skal takast opp til politisk behandling i kommunestyre og fellesråd, eller organ som desse to delegerer til.
- Administrativt nivå; Detaljnivå der oppgåveutføring, kvalitetskrav, rutinar, tidsfristar og liknande vert omtalt. Dette vert administrativt behandla av rådmann og kyrkjevevje.
- Økonomisk nivå; Kostnadar for kommunen ved å utføra tenester for fellesrådet. Kommunen har ansvar for å setja pris, rekneskapsføra, og rapportera denne kostnaden.

3. Økonomi – Personale – kontorstøtte

Tilskot frå kommunen til Fellesråd vert overført forskotsvis tre gonger i året; 1. januar, 1. mai og 1. september.

Tilskot til særskilte investeringstiltak vert avtalt i kvart einskild tilfelle når vedtak om løyving ligg føre.

- 3.1 Kommunen fører rekneskap for Fellesrådet og dei to sokneråda i samsvar med forskrift for økonomiforvaltning og andre føresegner.
- 3.2 Fellesrådet fakturerer sjølv festeavgifter og andre krav. Økonomiavdelinga bistår ved innkrevjing av uteståande.
- 3.3 Kommunen betalar ut rekningar etter tilvising frå Fellesrådet. Det er eit mål at Fellesrådet så snart som mogleg legg til rette for mottak av fakturaer i EHF-format.
- 3.4 Kommunen utfører lønskjøring og betalar ut løn etter tilvising frå Fellesrådet. Kjøring av løn og trekk til skatt mv vert gjort etter gjeldande føresegner.
- 3.5 Personalavdelinga i kommunen kan bidra med råd og rettleiing til Fellesrådet.
- 3.6 Kyrkjeleg tilsette kan delta på kurs for kommunen sine tilsette. Fellesrådet betalar i så fall kurskostnadar for sine tilsette.
- 3.7 Fellesrådet kan gjera seg nytte av kommunen sitt tenestetorg (OSK) og tele og datatenester i kommunalt eigde bygg. Fellesrådet kan og gjera seg nytte av frankering og interne posttenester til eige føremål. Sveio kommune stillar kopimaskin til disposisjon for Fellesrådet. Direkte kostnadar per utskrift til papir, toner og liknande betalast av Fellesrådet.
- 3.8 Fellesrådet kan om det er ledig plass annonsera gudstenester mv i kommunen si fellesannonse i Vestavind utan kostnad for Fellesrådet.



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

3.9 Fellesrådet har ansvar for journalføring og dagleg arkiv, men kan nytta seg av kommunen sitt fjernarkiv samt kompetansen ved kommunen si arkivavdeling for råd og rettleiing.

3.10

Fellesrådet kan nytta seg av gjeldande IT-struktur og kompetansen som kommunen har, herunder tilgang til kommunen sitt intranett og kommunen sitt breiband. Kommunen gir tilbod om trådløst wifi i heile soknehuset. Kommunen har ansvaret for kostnader med, samt drift og vedlikehald av liner, datamaskinar og kopimaskinar, herunder og sikkerheitskopi. Fellesrådet kjøper inn maskinar og programvare som er særskilt for Fellesrådet si drift. Fellesrådet har det økonomiske ansvaret for eigne program og modular. Dette gjeld også tilhøyrande lisensar som gjeld fellessystem. Innkjøp av programvare og maskinar som skal driftast av kommunen skal gå gjennom IKT avdelinga. Fellesrådet skal følgje Sveio kommune sitt IKT- reglement med tilhøyrande retningsliner.

3.11

Fellesrådet kan nytta seg av innkjøpsavtalar som kommunen inngår med eksterne leverandørar, så langt dette kjem fram i avtalen mellom kommune og leverandør og/eller at leverandør godtar det. Dette gjeld mellom anna forsikring, straum, banktenester, dataløysingar, kontorrekvisita, leasingavtalar og liknande. Når Fellesrådet på eiga hand skal gjera avtalar om innkjøp kan Fellesrådet nytta kommunen sin kompetanse på offentlege innkjøpsreglar.

3.12

Sveio kommune skal kunne nytte heile soknehuset som evakuert- og pårørendesenter (EPS) under ein krise, jfr gjeldande planar.

3.13

Sveio kommune kan i rimeleg grad nytta møteromet i Kyrkja sin del av soknehuset dersom kyrkja/fellesrådet ikkje sjølv nyttar rommet.

4. Bygg- eigedom – Anlegg

Kommunen sin kontaktperson innanfor dette feltet er einingsleiar for drift og anleggsavdelinga.

Fellesrådet har ansvar for å halda seg informert om, og formidla, særskilte problemstillingar knytt til kyrkjelege bygg og kyrkjegardsarbeid.

4.1 Kommunen syter for arbeidsplassar til prestar, kyrkjevevje og andre tilsette ved fellesrådet, jf Kyrkelova § 15. Kommunen sørgjer og for reinhald og oppvarming av lokala. Kommunen betalar forsikring for inventar på kyrkjekontoret. Dette blir verdsett og rekneskapsført som tenesteyting. Fellesrådet har administrativt ansvar for kyrkjer og kyrkjelege bygningar. Fellesrådet har og ansvar for drift og vedlikehald av desse bygningane. Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av kommunal seksjon i Soknehuset. Sameigeavtalen regulerer forholdet mellom dei to sameigepartnarane.



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

- 4.2 Fellesrådet har administrativt ansvar for kyrkjegardar og gravferdsregistre. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjelege uteareal, kyrkjegardar, opning og lukking av graver og for naudsynt transport av utstyr til desse oppgåvene.
- 4.3 Fellesrådet tar på seg ansvar for vedlikehald rundt minnestøttene i Auklandshamn, Framnes, Førde og Sveio. Som motyting hjelper kommunen med opning og lukking av graver ved avvikling av ferie og ved sjukdom.
- 4.4 Kommunen har ansvar for drift og vedlikehald av veg fram til port/gjerde/mur og for parkeringsplassar, herunder og brøyting og strøing.
- 4.5 Ved behov for investering i bygg, anlegg og maskinar og utstyr er Fellesrådet initiativtakar. Slike saker vert å ta opp gjennom Sveio kommune sin økonomiplan og budsjett. For kvart einskild prosjekt vert det avklart om det er kommunen eller Fellesråd som tek ansvar for gjennomføring av prosjektet.
- 4.6 Fellesrådet kan nytta seg av vaskehall med tilhøyrande vaskeutstyr. Fellesrådet kan og nytta seg av kommunalt eigd gravemaskin ved graving av graver og anna mindre arbeid ved gravplassane og kyrkjebygga. Planlagde vedlikehaldskostnader for minigravar vert dekkja av kommunen. Kostnader til reperasjonar av minigravar vert dekkja 50/50. Dei som er tilsett ved fellesrådet si uteavdeling har tilgang på sanitæranlegg mv i kommunen sine lokale. Kommunen stiller med lagerlokale for Fellesrådet sitt utstyr. Det skal til ei kvar tid vera avklart kva areal Fellesrådet disponerer.
- 4.7 Fellesrådet kan i den grad Sveio kommune har kapasitet gjera seg nytte av kommunen sine administrative tekniske tenester.

5. Rammer rundt avtalen

Denne avtalen erstattar avtale frå 2011 og trer i kraft frå 01.05.2018 eventuelt frå det tidspunkt den er vedtatt i kommunestyre og fellesråd om det vert etter denne dato.

Avtalen kan seiast opp av begge partar innan 1.juli kvart år, då med verknad frå og med følgjande budsjettår. Avtalen vert revidert innan 30.06.2023

Begge partar kan be om å få endra einskildpunkt i avtalen utan at heile avtalen vert sag opp. Slike endringar må opp til politisk handsaming.

Avtalen kan til ei kvar tid justerast i samsvar med eventuelle endringar i lover, forskrifter og reglar, og som følgje av omorganiseringar. Slike justeringar kan gjerast i samarbeidsmøta mellom kommune og kyrkje og treng ikkje opp til politisk handsaming.



6. Kostnadsberekning

Frå og med 2018 vert tenester ytt frå kommunen til Fellestrådet fastsett til desse beløpa:

- Rekneskap, løn, personell: kr 220 000,- per år
- IKT tenester: kr 70 000,- per år
- Kontorlokaler, kapell og lager: kr 190 000,- per år
- Gravemaskin mv: kr 35 000,- per år

Beløpa vert gjort synleg ved at kostnaden vert tatt til utgift og inntekt i Sveio KF sitt budsjett/rekneskap under ansvarsområda Gravplass, kr. 125000,- og Administrasjon kr. 390.000,- med eit nettoresultat på kr 0,-

Sveio; ____ / ____ 2018

Jostein Førre

Rådmann, Sveio kommune

Ottar Krakk

Kyrkjevevje, Sveio Kyrkjelege Fellestråd

Innspel investeringar

#	Prioritet	Ansvarleg	Beskrivelse	Grunngjeving	Vurdering av konsekvens/kost-nytte	Totalt kostnad prosjekt inkl. m	Fordeling år			Årleg driftsmessig konsekvens
							2019	2020	2021	
1		1	Sveio Kyrk Rehabilitering kyrkjebygg	Alle kyrkjebygg har jamleg behov for vedlikehald, maling, reperasjonar mv. Maling bør bli. skje rundt kvart 8. år. Gjennomgang av kyrkjebygg i Sveio, gjennomført i 2015 og 2016 viser at t.d. Sveio kyrkje har utfordringar med lekkasjar i tak samt mange vindu som er i dårleg forfatning. Vinduer treng omfattande vedlikehald i forhold til blyinnfatningar, kitting, maling mv. Taktekking på Sveio kyrkje er gått over i 2016/2017. På sikt må det sannsynlegvis tas av skifer og leggst nytt sutak. Det er ei lang rekke "mindre" vedlikehaldsbehov som kan konkretiserast ytterlegare; innendørs maling, reperasjon/utskifting av dårlege ytterdører, tilgjengelighet for funksjonshemma(i første rekke Eikeland), vinduer på andre kyrkjer som treng tilsvarande vedlikehald som i Sveio, fornying av ringeanlegg, mv. Det bør vera rom for å ta denne type kostnader fortløpande før dei medfører større skade. All erfaring tilsier at det jamleg kjem nye slike utfordringar. Størrelse på bygg, alder og vernebestemmelsar medfører at det er til dels større kostnader med denne type vedlikehald på kyrkjebygg enn andre offentlege bygg. Ved å leggja inn eit beløp årleg i økonomiplanen vil det vera mulig å planleggja langsiktig der ein ev kan ta kostnader med ev større prosjekt over fleire år. Tidlegare har det vore fokusert på einskilprosjekt (jf og Førde kyrkje) som gjerne har vore overmodne for gjennomføring. Jf og nedanfor vedkomande Enøk tiltak.	Vedlikehald kostar over tid mindre enn reperasjon. Her har det ikkje vore rom for tilstrekkeleg vedlikehald siste åra. Etterslep må derfor og tas inn. Her vil det og ligga innsparingsmuligheter ved satsing på enøk/alternative energikjelder mv. Jf og punkt nedanfor.	kr 1 600 000	400 000	400 000	400 000	400 000
2		2	Sveio Kyrk energistyring	Det vart i 2016 gjort eit arbeid i forhold til å avklare behova og mulighetene som ligg i å setje inn enøk tiltak herunder energistyring. Det vart og sett på at det ikkje er brannalarmer som er knytt til eksterne vaktordningar. Det er frå Fellesrådet si side sett på tiltak som er nødvendige og/eller kan/bør prioriterast. Kostnadsspørsmålet er delvis sett på. Fellesrådet sit imidlertid ikkje på tilstrekkeleg kompetanse til å få kartlagt desse spørsmåla i detalj. Det vart i 2018 gjort ei kontroll av bygga og ein vil i samarbeid med kommunen sjå på muligheter for enøk og brannsikringstiltak i dei komande åra. Ut frå føreløpige tal er det neppe tilstrekkeleg med dei 500 000,- som er sett av i begge åra 2019 og 2020. Det vart derfor gjort framlegg om å setja av tilsvarande sum i 2021 også.	Enøktiltak og energistyringssystem kan bidra til reduserte energikostnader. Brannalarm mv kan bidra til å hindra at blant anna uerstattelege kulturverdiar går tapt. Brannalarm kobla til sentral vil gje årlege kostnader.	kr 1 500 000	500 000	500 000	500 000	
3		4	Sveio Kyrk kyrkjegard	Det er etter kvart få graver ledige på gravplassen ved Eikeland kapell. Eit betydeleg antall graver har for lite djupne til at dei kan nyttast til kistegraver. Det må og vurderast om det er mulig å heva terrenget noko slik at fleire graver kan nyttast.	Alle lokalmiljø ser det som særskilt viktig å ha tilgjengelege graver i sitt nærmiljø. Så sjølv om kommunen totalt sett har tilstrekkeleg med graver tilgjengeleg ser me det som viktig å få tilrettelagt slik at det er tilgjengelege graver og når nåverande gravplass er fylt opp. Her er det til tross for gjennomført bonitering i 1998 ei viss usikkerhet om kor mange graver som kan nyttast då det er store variasjonar i dybdeforholda innanfor korte avstandar.	kr 150 000			150 000	
4		3	Sveio Kyrk maling	Sveio kyrkje vart sist mala rundt 2008. Det er seinare berre gjort mindre arbeid, bl.a. vart vestsida av tårnet mala i 2016. Maling av kyrkjebygg er og ein del at punkt 1 ovanfor, men kostnaden med maling av Sveio kyrkje har ein kostnad som gjer at den vert skilt ut i eit eig punkt.	Det er viktig å få mala bygg for å ivareta kledding, vindu mv. Det er og viktig at bygga vert mala jamleg av estetiske grunnar.	kr 650 000		650 000		
5						kr -				
Totalsum innspel						kr 3 900 000	900 000	155 000	105 000	400 000

